



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD
Møtestad: Hotell Scandic Byparken, Bergen
Møtedato: 26.02.2015 **Tid:** 12:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 1130 Enkel servering
- 1200 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 5.12.2014
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1345 Pause
- 1400 Arbeidsinkludering i Sogn – kva tenkjer kommunane? Innleiing for drøfting.
Styreleiar Stig Roar Hovland og dagleg leiar Ragnhild Fjærestad
- 1430 IS Fjordvegen Rute 13
Dagleg leiar Leiv Vambheim
- 1455 Pause - rundstykker
- 1515 Næringsnettverket i Sogn
- orientering om aktuelle saker v/ leiar Arve Tokvam
- kva meiner ordførarane at næringsnettverket skal arbeida med
- 1555 Møtet slutt

Oppmøte i Grieghallen kl 1630 for informasjon frå Framtidsfylket. Karrieremessa opnar kl 17.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
1/15	13/438-65	Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn - rapport
2/15	14/2040-22	Kommunereforma (vert ettersendt)
3/15	15/708-1	Interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen
4/15	15/206-2	Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - høyringsfråsegn
5/15	15/717-1	Orienteringar og drøftingar 26.2.2015
6/15	15/720-1	Val av leiar i Sogn regionråd 2015

Sogndal, 13.2.2015

Harald N. Offerdal
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 13/438

Arkiv: B01

Saknr.: Utval
 1/15 Sogn regionråd

Møtedato
 26.02.2015

Sak 1/15

Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn - rapport

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande:

1. Rapporten «PPT i Sogn – Underlag til organisasjonsvurdering» av 4.2.2015 vert teken til vitande
2. Rapporten er eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdera organisering av PP-tenesta i regionen
3. Styringsgruppa utarbeidar framlegg til samarbeidsavtale for handsaming i kommunane.

Vedlegg:

Rapport «PPT i Sogn – Underlag til organisasjonsvurdering», Deloitte AS, 4.2.2015

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd gjennomfører eit hovudprosjekt for å vurdera felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn. Bakgrunnen for prosjektet er at rådmannsgruppa i Sogn regionråd i juni 2011 ba administrasjonen om å få utarbeidd ei skisse til prosjekt som kunne hjelpe kommunane med å redusere omfanget i bruk av spesialundervisning og sjå på forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. Desse utfordringane vert det no arbeidd med på to område:

1. Eit nytt langsiktig program frå 2013-2021: ”System for styrka læring”. I regi av programstyre blir det arbeidd med kompetanseutvikling, kulturar, omdømme, prosess- og systemisk arbeid.
2. Strukturarbeid knytt til PP-tenesta i Sogn. Først eit forprosjekt som starta våren 2013 – og no dette hovudprosjektet om felles PP-teneste i Sogn.

Målet med prosjektet for felles PP-teneste er å utvikla ei felles pedagogisk-psykologisk teneste med mindre sårbare fagmiljø som sikrar god utnytting av fagkompetansen i regionen og rekrutterer godt kvalifiserte medarbeidarar innan breidda av kompetanseområda. Tenesta må arbeida systemisk, systemretta og koordinert også i høve vidaregåande opplæring slik at vi kan styrka tilpassa opplæring, auke læringsutbytte og redusera bruken av spesialundervisning i regionen.

Forprosjektrapporten vart handsama i Sogn regionråd i februar 2014. Seks av kommunane - Aurland, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik - vart med vidare i hovudprosjektet. Kommunane Balestrand, Høyanger og Årdal vart ikkje med. Prosjektet har fått kr 200 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og vert elles finansiert av eigne midlar.

Styringsgruppa er samansett av rådmennene frå dei seks deltakarkommunane og fylkesdirektør for opplæring. Arbeidsgruppa består av skulefagleg ansvarlege, rektor, styrar, PP-teneste, programleiar System for styrka læring, rådgjevar frå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, tillitsvalde og tilsettere representant frå fylkeskommunen. Prosjektleiar er Gunnar Stundal.

Vi har lagt til rette for kunnskapsutvikling og involvering. Ved å skapa arenaer for deltaking vil deltakarane påverka resultatet slik at vi kan oppnå forståing for endringsbehov og få betre oppslutning om resultatet. Saman med prosessrettleiar frå Deloitte, Wiggo Hustad, er det utarbeidd ein fagleg rapport til bruk for styringsgruppa og politisk leiing. Vi har også utforma arbeidet i samskaping med skule- og barnehageeigar, leiarar og tilsette frå PP-kontora i Sogn, Statped Vest, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsdirektoratet. Vi har brukt verktøy frå Utdanningsdirektoratet, spesielt metodikken ”Ekstern vurdering”, og har teke utgangspunkt i PP-tenesta sitt arbeid på fylgjande område: *Tilgjengeleg teneste, Førebyggjande teneste, Tidleg innsats og Kompetanse*. Seminaret i august hadde god oppslutning og gav eit grunnlag for intervjuar med kommunane. Det har vore gjennomført questback-undersøking og innhenta relevante fakta/data frå kommunane. Som det går fram av rapporten har det i fleire kommunar vore vanskeleg å få tak i data, eller å få ulike leiarar til å svara.

Vurdering:

Rapporten peikar på at det er mykje utviklings- og endringsarbeid som må gjerast uavhengig av struktur, samstundes som kommunane har ei stor utfordring i rolla som barnehage- og skuleeigar. Kommunane må utvikla tydeleg planmessig tilnærming til spesialundervisning der ein aktivt gjennomfører vurderingar og tiltak før ein melder opp elevar. Vidare viser rapporten at det må vera klåre rolleforventningar i den skulefaglege leiinga i kommunen, betre administrativ støtte til styringa av skuledrifta og gode møteplassar mellom kommunane, skulane, barnehagane og PP-tenesta.

I større grad enn no må PP-tenesta møte behova der det er avdekka manglar (t.d. å dekkja betre behova i ungdomsskulen), og tilføra rettleiande psykologtenester. PP-tenesta bør ha ein profil slik at den betre kan bistå kommunane og skulane med førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Rapporten viser til at det så langt ikkje er registrert store faglege eller praktiske innvendingar mot ei felles teneste for heile regionen. Løysinga kan sikra at all den kompetansen som i dag finst vert nytta betre, og truleg rekruttera betre. På den andre sida er det ikkje gitt at ein felles organisasjon treng å vera samlokalisert organisasjon.

Rapporten er sendt til kommunane og vil vera grunnlag for utviklingsarbeidet for å få betre tenester, og vil gå parallelt med endra organisering av PPT.

Materiale som er lagt fram viser at det er store utfordringar i samhandlinga mellom kommunen som skuleeigar og PP-tenesta. Administrasjonen si vurdering er at endra organisering til ei felles PP-tenesta ikkje er eit mål i seg sjølv, men at kommunane på denne måten kan få best mogleg kunnskaps- og avgjerslegrunnlag for politiske- og administrative leiingsprosessar.

Prosjektleiing og styringsgruppa vil i tida framover arbeida vidare med å vurdere løysingar for dei fire forholda som rapporten peikar på: Formell organisering og leiing, teknologi og system, kultur, språk og åtferd og bygg og fysiske rom. Det vil bli utarbeidd forslag til ein samarbeidsavtale for handsaming i kommunane i mars/april. Arbeidsgjevarane for tilsette ved

PP-kontora informerer om arbeidet. Med vedtak i kommunane om å delta i felles PP-teneste vil tenesta kunne etablerast 1.1.2016.

Vurdering av interne strukturar og prosessar vil bli arbeidd med i tida framover: Samkøyre prosedyrar, rolleavklaring, arbeida ut eit årshjul og ein plan for samhandling samt å avklara samarbeid mellom PPT og barnehage, skulen og barnevernet. Programstyret «System for styrka læring» blir med i dette arbeidet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/708

Arkiv: N41

Saksnr.: Utval
3/15 Sogn regionråd

Møtedato
26.02.2015

Sak 3/15

Interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen

Tilråding:

Sogn regionråd arbeidar vidare med å etablera eit interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen som eit aksjeselskap. Etableringa er under føresetnad av at næringslivet blir med som eigarar.

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Samferdslegruppa diskuterte i møtet 10. februar korleis styrka og vidareutvikla Sogndal lufthamn Haukåsen. Næringslivet bør engasjerast og samferdslegruppa foreslår etablering av eit interesseutval der også næringslivet er representert.

Tema for møtet i samferdslegruppa var Avinor si utgreiing om lufthamnstruktur, anbodskonkurransen for flyruter og hangar til nattstasjonert fly. Sogndal lufthamn Haukåsen ligg i ei klimasone med til dels store snømengder og vinterstid kan ikkje fly stå ute. Avinor, Sogndal lufthamn har lagt tilrette for å kunne byggje hangar (rubbhall). Det finst ikkje midlar i Avinor til å byggja hangar fordi dei satsar på store lufthamner. Kostnad for hangar vil bli om lag kr 5,2 mill. I første omgang må det gjerast ei prosjektering og søknad om midlar for dette går til kommunane om kort tid.

Nattstasjonert fly er viktig for å sikra regulariteten og unngå kanselleringar. Særleg gjeld dette om morgonen med mange reisande. Sogn regionråd har i fleire rutehøyringar spelt inn behovet for nattstasjonert fly og svaret frå Samferdselsdepartementet har til no vore negativt. Regulariteten på morgonflya er gjennomgåande 40% dårlegare enn regulariteten på fly seinare på dagen og kvelden. Status for januar 2015 er mange kanselleringar. Mange av desse ville vore unngått om vi hadde hatt nattstasjonert fly.

Samferdslegruppa ønskjer at næringslivet i sterkare grad enn før blir engasjert i arbeidet med å styrka og utvikla Sogndal lufthamn. Det bør etablerast eit interesseutval med representantar frå næringsliv og kommunane. Næringslivet sine behov bør koma tydeleg fram i tillegg er det viktig å få fram fram kva potensiale Sogndal lufthamn har for vidare passasjervekst.

Samferdselsdepartementet lyser ut anbodskonkurransen i løpet av våren 2015 og tildeler kontraktar sommaren 2015, jf vedlagde tidsplan. Prosjektering og ev. bygging av hangar kan styrka moglegheitene for å få nattstasjonert fly. Vi er kjende med at Widerøe kjem til å frigjera seks Dash-8 100 (39 seter) fordi dei aukar bruk av Dash-8 300 (50 seter) andre stader i landet.

Samferdslegruppa ba i møtet den 10. februar om at ulike organisasjonsformer for eit interesseutval med representasjon også frå næringslivet vart vurdert og lagt fram for regionrådet. Administrasjonen har saman med lufthamnsjefen og dagleg leiar i Sogn næring vurdert aktuelle organisasjonsformer for eit interesseutval:

Aksjeselskap (AS)

Organisasjonsforma passar der ein eller fleire vil etablere eit foretak med avgrensa personleg ansvar for selskapet sine pliktar. Aksjeselskap kan vera eigd av offentlege og private aktørar og gir høve til lånefinansiering i tillegg til aksjekapital /eigenkapital. Organisasjonsforma passer i verksemdar som forventar store investeringar, har høg risiko, behov for lånefinansiering eller med verdier i varige driftsmidler. Det er fleire "formalitetar" ved eit aksjeselskap enn ved dei andre organisasjonsformene. Som aksjeselskap kan interesseutvalet bygge hangar, stå som eigar og leiga den ut.

Lag og organisasjon

Organisasjonsforma er ikkje regulert av egne lover, men er underlagt spesielle vilkår. Det må lagast stiftingsdokument og vedtekter. Organisasjonsforma kan vera eigna om det er ønske om å få eit interesseutval med representantar frå næringslivet i tillegg til kommunane og der hovudfokus er å arbeida for å påverke avgjerdstakar. Den er mindre eigna dersom interesseutvalet skal ta seg av næringsinntekter, t.d. utleige av hangar.

Prosjektorganisering

Ein variant kan vera at samferdslegruppa/ev. eit utval av samferdslegruppa blir utvida med to representantar frå næringslivet i saker som gjeld flyplassen. Prosjektgruppa kan arbeida for å påverka avgjerdstakar gruppene sitt mandat er å ta initiativ til tiltak og prosjekt som står opp om og utviklar regionen og påverka avgjerdstakarar. Løysinga vil krevja at saker er forankra og vedtekne i regionrådet før iverksetjing.

Organisasjonsformen lag og organisasjon og prosjektorganisering eignar seg om ein ønskjer at interesseutvalet skal vera lobbyist/pådrivar, men er ikkje alternativ om ein ønskjer å investera i ein hangar. I så fall må andre organisasjonsformer vurderast. Samvirkeforetak SA gir som aksjeselskap avgrensa personleg ansvar og risiko ved etablering.


Administrasjonen vurderer at aksjeselskap er den organisasjonsforma som eignar seg om ein ønskjer å byggje og leige ut hangar.

Administrasjonen tilrår at det blir arbeid vidare med å etablere eit aksjeselskap. Det er ein føresetnad at næringslivet er med som eigarar. Næringsnettverket i Sogn bør oppmodast om å kontakta bedriftene og avklara om det er interesse for å få på plass ei grunnfinansiering til bygging av hangar. Det må også lagast ein modell for drift av hangar (leigeinntekter).

Vedlagt følgjer milepælar for Nasjonal Transportplan 2018-2027 med hovudfasane for Avinor sitt utgreiingsoppdrag om lufthamnstruktur og tidsplan for anbod på regionale ruteflygingar.


Vedlegg - Milepælar

Nasjonal transportplan 2018-2027



Regionale flyruter

Tidsplan for statleg kjøp av flytransport



Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/206

Arkiv: 200 &13

Saksnr.: Utval
4/15 Sogn regionråd

Møtedato
26.02.2015

Sak 4/15

Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - høyringsfråsegn

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og går mot å overføra skatteoppkrevjinga til Skatteetaten.

Ei overføring vil svekka både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god og har høg innbetalingsgrad. På landsbasis blir 98,8% av samla krav for dei viktigaste skatteartane betalt. Det er vanskeleg å sjå at ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil gje betre resultat. Sogn regionråd meiner den nærleik og lokalkunnskap som finst i dagens organisering bidreg til dei gode resultatata for skatteinnkrevjinga og nedkjemping av svart økonomi. Gevinstar ved ei statleggjering er mangelfullt utgreidd og usikre.

Overføring vil også fjerna ei viktig oppgåve frå kommunesektoren, noko som er i strid med måla i kommunereforma om at større kommunar kan få fleire oppgåver. Forslaga i høyringa inneber ei svært uheldig sentralisering av arbeidsplassar også i vårt område.

Ønske om å forbetre tenesta kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Under alle omstende er det feil å gjennomføra endring no og ikkje sjå skatteinnkrevjing i samanheng med den pågåande kommunereforma.

Vedlegg:

Høyringsbrev – overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten av 1.12.2014
KS sin høyringsuttale

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Finansdepartementet sende 1.12.2014 ut høyringsbrev om overføring av skatteinnkrevjinga frå kommunane til skatteetaten med verknad frå 1.1.2016.

Inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift vert innkravd av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som også fører skatterekneskap og gjennomfører

arbeidsgjevarkontroll. Forslag om overføring av skatteinnkrevjinga til skatteetaten har vore vurdert fleire gonger tidlegare, men saka har då anten ikkje vore fremja av tidlegare regjeringar eller vore avvist av Stortinget.

KS viser i si høyringsfråsegn vedteke i hovudstyre i januar at det har ikkje kome nye moment av betydning i departementet si noverande høyring. At forslaget vert fremja som eige sak uavhengig av det pågåande kommunereformarbeidet meiner KS er uheldig og i strid med reforma.

Forslaga i høyringa innber ei sentralisering av arbeidsplassar til nasjonale kontor eller til region/fylkessentra. Dagens 288 kontorstader for skatteoppkrevjar vil bli redusert til 27. Arbeidsgjevarkontrollen som i dag har 200 kontorstader er føreslått å bli samlokalisert med Skatteetaten sine kontor og redusert til 22 stader. KS peikar på fleire uheldige konsekvensar ved overføring av skatteinnkrevjing til staten. Mellom anna vert det vist til effektivitet og resultat kan verta svekka. Nærleik til skattesubjekta vert peika på som viktig for å forklara dei gode resultat, og samanlikna med andre land er skatteinnkrevjinga i Noreg vist seg å vera god. T.d. har skatterestansane i Danmark auka etter at innkrevjinga vart overført til staten.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 15/717

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
 5/15 Sogn regionråd

Møtedato
 26.02.2015

Sak 5/15

Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Helsegruppa, næringsutvikling-/RUP-gruppa og samferdslegruppa
3. Rådmannsgruppa
4. Administrasjonen
5. Arbeidsinkludering i Sogn – kva tenkjer kommunane? Innleiing for drøfting v/ styreleiar Stig Roar Hovland og dagleg leiar Ragnhild Fjærestad
6. IS Fjordvegen Rute 13 v/ dagleg leiar Leiv Vambheim
7. Næringsnettverket i Sogn
 - orientering om aktuelle saker v/ leiar Arve Tokvam
 - kva meiner ordførarane at næringsnettverket skal arbeida med

Skriv og meldingar

1. Om endringar i sekretariatet for rovviltfunksjon region 1 frå Klima- og miljødepartementet av 26.11.2014
2. Rapport om fiskebestander – sluttrapport frå HSF
3. Akuttutvalets delrapport – fråsegn av 10.12.2014
4. Nasjonal transportplan 2018-2027, lufthamnstruktur – innspel av 18.12.2014
5. Invitasjon til drøfting med regionråda frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 23.1.2015
6. Utkast til ny postlov - fråsegn av 26.1.2015
7. Tilskot til arbeidet med psykisk helse frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 6.2.2015
8. Fagnettverk i psykisk helse – program
9. Referat frå arbeidsgruppene: Næringsutviklings-/RUP-gruppa, helsegruppa og samferdslegruppa



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Sogn regionråd
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Dykkar ref	Vår ref	Dato
14/2211-2	14/2288-	26.11.2014

Om endringar i sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i region 1

Klima- og miljødepartementet har etter ei samla vurdering fastsett at sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i region 1 skal flyttast frå Fylkesmannen i Rogaland til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for dette er at Sogn og Fjordane dei seinare åra i snitt har hatt dei største utfordringane knytt til tapsproblematikk på sau grunna rovvilt i regionen. Det har òg vorte lagt vekt på ein geografisk nærleik mellom sekretariatet og leiar av nemnda.

Departementet har i vedlagd brev datert 13. november 2014 bedd Miljødirektoratet sørge for at eit slikt skifte gjennomførast slik at det kan trå i kraft med verknad frå 1. januar 2015.

Med helsing

Torbjørn Lange (e.f.)
avdelingsdirektør

Harald Askilsrud
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Vedlegg: 1

Sluttrapport "Sognefjord-konferansen 2014: Fisketom Sognefjord?" ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal 5.-6.juni 2014

Den direkte økonomiske støtten til konferansen var på kr. 105 000 med midler fra Sogn regionråd (sammenslutning av kommunene i Indre Sogn, kr. 50 000), Nærings- og Fiskeridepartementet (kr. 20 000), Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (kr. 15 000), Sogn og Fjordane Fylkeskommune (kr. 15 000) og Høyanger kommune (kr. 5 000). I tillegg kom der inn ca kr. 11 000 (netto) på grunnlag av en liten deltageravgift (kr. 600 for to dager, kr. 300 for en). Deltageravgiften dekket stort sett bevertningen og var satt lavt for at det ikke skulle være et hinder for allmenn deltagelse. Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) sin egen innsats ut over det som ble fakturert av HiSF-oppdrag er ikke beregnet, men den var ikke ubetydelig.

Det ble avholdt 25 foredrag av 25 personer. Den vedlagte lenken viser programmet (https://www.hisf.no/sognefjordkonferansen-fisketom-sognefjord#.VGm8i_mG9-Z). Lenken vil senere også vise PDF-kopier av de fleste innleggene, men dette er ikke fullført da høyskolens hjemmeside for tiden er under omlegging.

Mange av foredragsholderne kom fra ulike steder i Norge og var spesialister på ulike felt med relevans for konferansens problemstilling. Grunnen til at det lot seg gjøre å invitere så mange med et så lite budsjett, var at mange var villige til å belaste reise- og oppholdsutgiftene på egen institusjon eller prosjekt, eller faktisk av private midler.

Konferansens målgrupper var privatpersoner med stor interesse for fjordens fiskeressurser, ulike organisasjoner, politikere og byråkrater innen offentlig forvaltning (kommune- og fylkesnivå) med tilknytning til bruk og forvaltning av Sognefjorden. Den første dagen var der ca 50-60 personer til stede (ca 25 foredragsholdere, ca 25 betalende og noen studenter som gikk gratis). Den andre dagen var der noe færre. Publikumsantallet var omtrent som forventet.

Konferansen hadde to målsettinger. Den første målsettingen var å forsøke å belyse fjordens økosystem med dagens tilgjengelige kunnskap og gi mulige forklaringer på de dårlige fiskeforholdene. Dessverre klarte ikke konferansen å gi entydige svar på dette spørsmålet; det er mulig at flere faktorer/årsaker er medvirkende. Den andre målsettingen var å prøve å vise mulige virkemidler som kunne tas i bruk for å prøve å bedre fiskebestandene. Den metoden som pekte seg ut i første omgang var kanskje å gjøre bruk av fredningssoner.

Etter min mening var det en vellykket konferanse. Rent teknisk forløp den uten nevneverdige problemer. Foredragsholderne gjorde en god innsats og fikk belyst mange ulike sider ved konferansens problemstillinger. Både foredragsholderne og publikum hadde en variert bakgrunn, og dette var kanskje medvirkende til mange interessante diskusjoner underveis. Konferansen ble også lagt merke til av lokale media med flere positive oppslag i Sogn Avis og intervju av NRK Sogn og Fjordane.

Vår dato
18.11.2014

Vår referanse
14/01629-2

Også med tanke på etterdønninger av konferansen ser det ut som gode prosesser er på gang. En av konklusjonene, som ble en gjenganger etter mange av innleggene, var at vi vet ikke så mye om fiskebestander og økologien i Sognefjorden. På konferansens oppsummering siste dag kom det fram ønsker og villighet til å bringe frem ny kunnskap. Som et resultat av disse ønskene har jeg vært med på å utarbeide en prosjektsøknad på pigghå hvor det bl.a. skal gjøres bestandsestimat og mageinnholdsanalyser for bl.a. å øke kunnskapen om pigghåen og forståelsen av næringsnett i Sognefjorden. Denne søknaden er sendt til Nærings- og Fiskeridepartementet.

Videre ble det vurdert å danne en «Interessegruppe for Sognefjorden». Jeg har derfor innkalt til et stiftingsmøte den 26. nov. 2014 hvor jeg ønsker å få etablert et interimstyre. Jeg håper at denne gruppen kan bli en stemme for en bedre forvaltning og bruk av fiskeressursene i Sognefjorden, samt være en pådriver for å framskaffe bedre kunnskap om økologien og fiskeforholdene i fjorden.

Torbjørn Dale
Avdeling for ingeniør- og naturfag
Høgskulen i Sogn og Fjordane



Helse- og omsorgsdepartementet

Akuttutvalets delrapport - fråsegn frå Sogn regionråd

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møte 5.12.2014 vedteke følgjande høyringsvar til akuttutvalets delrapport av 31. oktober 2014:

Frå kommunane i Indre Sogn er til dels lang reiseveg til eit fullverdig akuttsjukehus. Helseføretaket har sentralisert mykje av spesialisthelsetenesta i tråd med den medisinske utviklinga. For å spare pengar er det også stadig reduksjonar i ambulansetilbodet i distriktet. Med auka reiseveg til stor del av spesialisthelsetenesta vil mange innbyggjarar føle seg meir utrygge.

Det er avgjerande viktig med tryggleik for folk, å raskt å få møte kyndige fagfolk når akutte eller livstruande sjukdom og skade rammer. Våre kommunar opplever nettopp det som er skrive i rapporten at «det prehospitale rom utvides» og at vi ser det viktige i høg akuttmedisinsk kompetanse i kommunane og i ambulansetenesta.

Skal innbyggjarane i distrikts-Noreg oppleve likeverdig behandling i dei definerte pasientløpa t.d. for akutte hjerteinfarkt og hjerneinfarkt må heile den prehospitale akuttmedisinske tenesta ha rett innretning. Den må ha kompetanse, rett samansetjing og ha kort nok responstid.

Til 6.4 Felles planlegging av akuttmedisinske ressursar

Vi støttar utvalet sitt forslag om felles planlegging av akuttmedisinske ressursar mellom kommunar og helseføretak og at dette inngår i samarbeidsavtalane. Våre kommunar vil om kort tid inngå nye samarbeidsavtalar med helseføretaket som tek opp dei problemstillingar som er kommentert i delrapporten.

Til 6.5 Leiging

Vi støttar utvalet på å samla dei ulike akuttmedisinske tenestene under felles leiging med oppretting av lokale samarbeidsorgan. Rolla til kommuneoverlegen bør styrkast.

Til 6.7 Responstider

Kommunane har lenge etterspurd nasjonale kvalitetsmål for kommunehelsetenesta. Vi støttar utvalet på at slike mål skal setjast for akuttmedisinske tenester. Responstider er ein slik kvalitetsindikator. Akuttutvalet våger etter vårt skjønn ikkje å konkretisera responstid for ambulanse. Dette er uheldig og føyer seg inne i rekka av tidlegare utval som over meir enn 15 år ikkje har vågd å talfesta responstid. I ein likeverdig nasjonal helseteneste bør også dei som bur i ein distriktskommune ha ei normert responstid på ambulanse. Krav til responstid vil gje opplevd tryggleik for innbyggjarane. Samstundes opplever vi at unge legar føler seg utrygge i distrikt som har lang veg til næraste ambulansestasjon. Dette gjer det utfordrande å rekruttera nye legar.

Vi ber om at akuttutvalet tek inn krav til responstid for ambulanse.

Til 6.10 Styrka akuttmedisinske tenester i kommunane

Vi støttar utvalet sitt forslag om at kommunane bør utarbeide plan for ø-hjelptilbodet i sin kommune. Det bør også etablerast tverrfaglege akuttmedisinske team i dei kommunane som ikkje har dette.

Vi støttar ønskje om nasjonale krav for å styrkje og dimensjonera legevakttenesta. I arbeidet med å utforma retningslinjene vil vi understreka behovet for å kunne gjera lokale tilpassingar og at det kan tilretteleggjast for å finna lokale løysingar. Vi er samd i tanken om at også legane har fast løn når dei er på legevakt. Dette vil utjamne lønsforskjellane mellom vakt-distrikta og vil kunne bidra til rettare prioritering.

Ved akutte tilstander er det viktig at pasienten blir møtt med fagkompetanse og vi støttar målsetjinga om 75% deltaking frå lege ved utrykking på raud respons. Auka omfang av sjukebesøk frå legevakt med eit omfang på 20-40/1000 kan vere krevjande, men kan vere rett ut frå at mange eldre på sjukeheim og omsorgssentra ofte kan få unødvendig krevjande transport til legevakta.

At legevaktlegene har kompetanse i akuttpsykiatri og rus er sjølv sagt. Her bør spesialisthelsetenesta ha klare føringar på å gje nødvendig kompetanseoverføring. Dei bør ha halvårlege akuttmedisinske kurs for alle nyutdanna legar og dei som treng det for spesialiteten i allmennmedisin.

Det er prisverdig at akuttutvalet stiller krav til normering av reisetid for innbyggjarane til legevakta. Det er viktig at kravet gjeld innan legevakt-distriktet. Maksimalt 40 minutt reisetid for 90% av befolkninga og 60 minutt reisetid for 95% vil bidra til auka tryggleik for mange. I delar av distrikts-Noreg vil det imidlertid bli krevjande å kombinere responstid, med kravet til kvalitet og tilgjengelege ressursar både menneskelege og økonomiske.

Det er rett å overføra transport av pasientar som ikkje treng akuttmedisinsk kompetanse til «kvite bilar». Denne type transport bør vere organisert hos helseføretaket.

Til 7 Økonomisk-administrative konsekvensar

Dei stipulerte kostnadane er høge. Mange av kommunane i distrikts-Noreg har i dag heimebuande lege på vakt. Fagleg styrking av legevakta kan vere rett, men mange kommunar vil få svært stor kostnadsauke i drift av legevakt. Ein går då ut frå gjennomsnittleg kostnad på 3,5 mill. kroner pr år og at ein interkommunal legevakt vil koste mellom 5 og 9 mill. kroner pr år. Dersom det blir kravd bakvakt på ikkje vaktkompetente legar (turnuslegar og legar som har arbeidd under 1 år i kommunen) vil kostnadane auke ytterlegare. Det er viktig at akuttutvalet går grundig gjennom kostnadsauken til kommunane og realismen i å etablere kompetanse og ressursar til eit tilbod med responstider som skissert. Anslaget på auke til 250-350 mill. kroner pr år synest alt for lågt.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Jan Geir Solheim
leiar i helsegruppa

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Avinor

Nasjonal transportplan 2018-2027, lufthamnstruktur - innspel

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel til Avinor sitt analysearbeid om lufthamnstruktur:

Sogndal lufthamn har eit omland med nærare 30 000 innbyggjarar. Indre Sogn er vertsskap for ei rekkje verksemdar med nasjonale og internasjonale interesser. Blant dei store offentlege arbeidsplassane har vi Direktoratet for forvaltning og IKT, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, NAV Økonomitenester, Statens vegvesen hovudkontor Region vest, Statkraft og Vestlandforskning. Blant store private verksemdar har vi Hydro, Norsun, Lerum, Avery Dennison NTP, Vik Ørsta og Veidekke.

Området som soknar til Sogndal lufthamn har fått fleire nye arbeidsplassar siste åra der nærleik til flyplass er avgjerande. Vi kan nemna at kommunane Sogndal og Leikanger har fått 708 fleire arbeidsplassar siste fem åra. Regionsenteret Sogndal har stor folketalsvekst.

Verksemdene sin eksistens er avhengig av tilgang til flyplassstilbod på Sogndal lufthamn, nokre døme:

Verksemd	Tal tilsette	Kvifor er Sogndal lufthamn viktig
Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI), Leikanger	90 i Leikanger og 150 i Oslo	Landsdekkande oppgåver som krev reise mellom Leikanger og andre stader i landet. To kontorstader gjer det nødvendig med reiser mellom stadene.
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Leikanger	122 i Leikanger og 23 i Førde	Tett kontakt med overordna departement og direktorat, og har omfattande samarbeid med andre verksemdar både nasjonalt og internasjonalt. Arrangerer årleg om lag 80 konferansar, også nasjonale og treng flytilbodet for å få innleiarar og deltakarar.
Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal	330 (3900 studentar)	Om lag 80% av studentane og tilsette er i Sogndal. Flytilbod er viktig for fagleg og administrativt samarbeid med universitet og høgskular i heile landet, til dels også i utlandet, og for å møte departementa, Forskingsrådet, UH-rådet, Utdanningsdirektoratet mv. Høgskulen har omfattande reiseverksemd.
NAV Økonomitenester, Leikanger	80	NAV i Sogn og Fjordane har ialt 200 tilsette i Sogn og av desse er 130 i Leikanger. I Leikanger ligg nasjonale funksjonar (NAV Økonomitenester og NAV Kontaktsenter) og fylkesdekkande funksjonar. Einingane har «hovudkontor» i Oslo og det er mykje reiseaktivitet mellom Leikanger og Oslo. Flyplassen er svært viktig for NAV-einingane.
Statens vegvesen Region Vest, Leikanger	191	Region Vest består av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Regionvegkontoret er i Leikanger. Det er stor reiseaktivitet med Vegdirektoratet i Oslo og dei to største avdelingskontora i regionen, Bergen og Stavanger. Dei er avhengig av flytilbodet som er no.

Vestlandsforskning, Sogndal	25	Flyplassen er avgjerande for at verksemda kan vera lokalisert i Sogndal: - Forskingsinstitutt som er finansiert av 85-90% av oppdragsinntekter, og har kontakt med oppdragsgjevarar i alle delar av landet - Kontakt med andre forskingsinstitusjonar - Utmerker seg med stor internasjonal aktivitet - Arrangerer internasjonale seminar og konferansar.
Hydro, Årdal	700	Flyplasstilbodet er viktig for Teknologisenteret, Hydro Energi og Årdal Metallverk, og for å rekruttera nødvendig kompetanse.
Lerum, Sogndal	130	Sogndal lufthamn er viktig på fleire område: - Alle kundane er i Oslo - Design- og reklamebyrå er i Oslo og sal- og marknadskontor er i Asker - Leverandørar over heile verda - Automatisert produksjon og er avhengig av å få teknikarar og reservedelar raskt på plass.
Luster Mekaniske Industri AS, Luster	59	Flytilbodet har stor betydning for at verksemda fortsatt skal vera ein attraktiv leverandør: Kundebesøk kvar veke, eigne tilsette reiser mykje og flyfrakt av varer.
Nortura, Sogndal	90	Hovudkontoret til Nortura, med produktutvikling, sal og marknadsavdeling ligg i Oslo. Det er avansert teknisk utstyr på fabrikk og derfor avhengig av flyfrakt av delar og kort reisetid for serviceteknisk personell.
Vik Ørsta, Vik	75	Kontakt mot kundar og leverandørar, og med hovudkontor, søsterselskap og morselskap. Avhengig av eit flytilbod frå Sogndal, særleg i vinterhalvåret når Vikafjellsvegen er stengt.

Gjennomgangen over viser at lokalt næringsliv og offentlege verksemdar har stor reiseaktivitet med fly frå Sogndal og til Oslo/Bergen. Det er vanskeleg å sjå føre seg korleis regionale statsetatar skal kunne fungera som i dag utan Sogndal lufthamn. Grunna store avstandar er fly einaste alternativ for dagsturar til Oslo eller annan stad i landet. Om Sogndal lufthamn skulle bli lagt ned vil reisetida til ein av dei andre flyplassane bli to eller tre timar. Det vil verksemdene i sogneregionen i praksis ikkje ha nytte av.

Verksemdene treng eit flyplasstilbod for å sikre vekst og utvikling av arbeidsplassane og for å rekruttera tilsette. Eit konkurransedyktig næringsliv må ha tilgang på kort reisetid, og gode flyruter er avgjerande for aktivitetsnivået. I tilbakemeldingane frå næringslivet går det tydeleg fram at effektiv reisetid er avgjerande for kundebesøk, for teknisk personell og frakt av reservedelar, og for kontakten med andre avdelingar i same verksemd.

Sogndal lufthamn har hatt svært positiv passasjerutvikling over fleire år. Passasjerveksten (utan transfer) var 15,7% i 2012 og 6,6% i 2013. Passasjertalet auka med 14600 i perioden 2009 til 2013 (ut/inn Sogndal). Det er venta at veksten vil halda fram. Det har lenge vore slik at kapasiteten er pressa på fleire av morgon- og kveldsavgangane. Bergen er viktig for Sogn som transittflyplass når direkteflyet til Oslo er fullt. Det er stor auke i flytrafikken mot Bergen, og ved å samarbeide mot fleire lufthamner kan tilbodet gjerast betre.

Vi meiner det er behov for at Avinor kvalitetssikrar faktagrunnlaget. Mellom anna ser det ut som det er lekkasje frå Årdal til Førde og Sandane? I tillegg framstiller analysegrunnlaget at det er vesentleg fleire reisande frå Luster (20 000) enn frå Leikanger (4000)? Ut frå dette vurderer vi at det må vera urette opplysningar i grunnlagsmaterialet.

Kommunane og fylkeskommunen har saman med Avinor bidrege med midlar for å oppgradera lufthamna, noko som viser kor viktig lufthamna er for regionen. Sogndal lufthamn er ei moderne og trygg lufthamn og står godt rusta til å møte nye utfordringar.

Eit godt flyrutetilbod og nærleik til ei lufthamn har stor betydning for busetjing, sysselsetjing og næringsutvikling. Næringslivet må ha eit raskt og godt transporttilbod for å oppretthalde konkurransekraft. Fleire av regionale statsetatane har omfattande reiseverksemd og vurderer følgjene for ei nedlegging av flyplassen som dramatiske. Sogn regionråd vil peika på Avinor sitt samfunnsansvar med å sikra gode luftfartstenester i heile landet, og at endringar i strukturen vil påverka samfunnsutviklinga.

Vi vil koma med meir utfyllande informasjon i samband med høyringa seinare.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar Sogn regionråd

Jarle Aarvoll
ordførar Sogndal kommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Nordfjord regionråd
 Regionråd for HAFS
 Sogn regionråd
 Regionråd for Sunnfjord

Invitasjon til drøfting med regionråda

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer ein dialog med regionråda om samarbeid omkring ulike tema, og ber om at regionråda finn plass til slike drøftingar i eit av sine fyrste møter.

Tema fylkeskommunen ynskjer å drøfte med regionråda er:

- Arbeidet med regional planstrategi frå 2016 – 2019 og koplinga med arbeidet til kommunane om kommunale planstrategiar.
- Samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane om oppfølging av regionale planar, døme: Regional plan for fysisk aktivitet, Regional plan for Verdiskaping og Regional plan for folkehelse (vedtak juni 2015).
- Samarbeid om å etablere læringsnettverk for planlegging i fylket. I SIS vart det etablert eit plannettverk i samband med førre runde av arbeidet med planstrategiar.
- Samarbeid om å utvikle gode verkty for kommunane i deira arbeid med klima og klimatilpassing.
- Oppfølging av regional plan for vassforvaltning og etablering av ein ny administrativ struktur for samarbeidet.

Vi ber om tilbakemelding på når det er mogleg å få desse tema drøfta i regionråda, og om det er synspunkt på desse eller andre tema som burde vore gjenstand for ei felles drøfting.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
 fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Samferdselsdepartementet

Utkast til ny postlov - fråsegn frå Sogn regionråd

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd gir følgjande fråsegn til utkast til ny postlov:

Laurdagsomdeling

I høyringsnotatet føreslår regjeringa å redusera tal omdelingsdagar frå seks til fem. Sogn regionråd meiner dagens ordning med 6 dagar postomdeling bør vidareførast. 5 dagar postomdeling vil medføra at store delar av landet ikkje vil få same reelle tilbod som tettbygde strøk. Framleis er det ein god del menneske som ikkje har tilstrekkeleg tilgang til eller av ulike årsaker ikkje bruker internett. Redusert distribusjon vil truleg ha verknad på avismangfaldet som er viktig å oppretthalde for alle lokalsamfunn. Aviser er ein viktig informasjonskanal og alternativ 2 til ha store konsekvensar for avisene. Dersom 5 dagars postomdeling blir innført må alternativ 1 bli lagt til grunn slik at aviser blir omdelt på laurdagar også i dei områda som ikkje har eige avisdistribusjonsnett.

Vidareføring av lik brevporto

Innføring av tredje postdirektiv vil gje ulikt posttilbod og ulik pris for brev under 50 gram. Fri konkurranse vil kunne gå ut over posttenestene i distrikta og true ordninga med lik brevporto over heile landet. Dersom det vert opna for fri konkurranse vil konkurrerande selskap konkurrera i lønnsame marknader, medan Posten må ta dei ulønnsame delane med tynt befolkningsgrunnlag. Dette vil gje høgare pris og dårlegare posttilbod i distrikta og vil ramme næringsliv og innbyggjarane. Sogn regionråd meiner ordning med lik brevporto bør vidareførast.

Utleveringspostkasse §19

Å syte for at busetjingsmønsteret i landet vert oppretthalde har vore eit klart politisk mål. Dette har med næringsstruktur og utnytting av ressursar å gjera. Samfunnet må ta på seg nokre kostnader for å oppretthalde dette målet. Sogn regionråd er derfor kritisk til den reduserte tenesta som vil følgje av departementet sitt forslag til lovtekst om utleveringspostkasse i § 19.

Tilgang til postkasse ved eller i nærleiken av bustad eller næringsseigedom er avgjerande for mange om dei skal få post og aviser dagleg slik loven sin intensjon føreset. Avstandskravet på 250 meter i spreiddbygde strøk ivaretek dette. Samstundes føreslår regjeringa i andre ledd at det kan gjerast unntak når det er «færre enn tre faste helårlege boliger og/eller næringsvirksomheter i gjennomsnitt pr km». Det er ikkje presentert oversikt som viser kor

mange husstandar som blir omfatta av endringa. Regjeringa bør skaffa tal som viser kor mange husstandar ei ev. endring gjeld for før lovutkastet blir handsama i Stortinget. Slik vil Stortinget få eit betre grunnlag til å vurdera verknadane. Sogn regionråd har grunn til å tru at ei endring vil få verknad for relativt mange husstandar i spreiddbygde område. Sogn regionråd meiner derfor andre ledd bør utgå og det i staden bør gå fram at spreidd busetjing som hovudregel ikkje er å rekna som tilhøve som avgrensar plassering av utleveringspostkassene.

Forslaget i fjerde ledd om at det skal leggjast avgjerande vekt på om endra plassering av utleveringspostkasse vil bidra til rasjonell omdeling har liten verdi. Denne regelen vil lett kunne gjelda alle stader der det er færre enn tre husstandar i gjennomsnitt pr km. Omfanget blir då langt større enn det som synest å vera lagt til grunn i lovutkastet. Sogn regionråd er uroa for at det blir lengre avstand og dårlegare posttilbod for mange husstandar i distrikta med lovutkastet slik det ligg føre.

Det er behov for like gode posttenester og til same pris i distrikta som i sentrale strøk. Sogn regionråd meiner fleire av dei konkrete forslaga til endringar i ny postlov vil gje dårlegare og dyrare posttenester for dei som bur i spreiddbygde delar av landet. Gode posttenester til alle husstandar er ein viktig føresetnad for busetjing og næringsliv i heile landet.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Ivar Kvalen
leiar i samferdslegruppa

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Sakshandsamar:

Emma Bjørnsen
E-post: emma.bjornsen@sfj.no
Tlf.: 958 19 841

Vår ref.

Sak nr.: 13/7808-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4977/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 06.02.2015

Sogn regionråd
Programleiar "System for styrka læring"

Tilskot til arbeidet med psykisk helse i barnehage og skule for 2015

Vi viser til dykkar søknad om økonomisk støtte til vidare utvikling og vidareføring av prosjektet i Sogn om psykisk helse i skular og barnehagar.

Psykisk helse er eit svært viktig tema i folkehelsearbeidet, og det er spesielt viktig å komme inn tidleg. Dykkar prosjekt har ei svært god tilnærming gjennom fokus på meistringsstrategiar og på å mobilisere det enkelte barn sine eigne ressursar, samtidig som det skjer endringar på systemnivå. Dette er viktige strategiar for å fremme helse gjennom livsløpet og skape eit helsefremmande miljø i skulen/barnehagen.

Fylkeskommunen vurderer prosjektet dykkar som svært godt og meiner at de utviklar ein modell som andre kommunar bør nytte. Vi veit at de er positiv til å fremme prosjektet i andre regionar og overfor nye kommunar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver med dette **kr 50 000,-** til prosjektet i 2015.

Viklår og utbetaling

Vilkåra for løyvinga er at prosjektet vert gjennomført som planlagt og at plan og samfunnsavdelinga vert oppdatert undervegs slik vi har vore det så langt. Det må også rapporterast om erfaringar og resultat innan 31.12.2015.

Utbetaling skjer til bankkontonummer 3705.15.54222 og vert merka med «Sogn regionråd»

Vi ynskjer dykk lykke til med eit sært viktig arbeid!

Med helsing

Svein Arne skuggen Hoff
Fylkesdirektør

Emma Bjørnsen
Fagkoordinator folkehelse

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Fagnettverk i psykisk helse

Dato: Torsdag 19. mars 2015
Stad: Quality Hotel Sogndal
Tid: 08.45 – 15.30
Målgruppe: Tilsette i barnehage, grunn- og vidaregåande skule, barnevern, helsestasjon og PPT
Kostnad: Faktura på dagpakke frå hotellet vert sendt til arbeidsplassen (kr. 465)

Bakgrunn

Dette regionale og tverrfaglege nettverket i psykisk helse vart starta i 2012. Psykisk helse er eitt av seks programområde vi skal ha fokus på i det regionale utviklingsprogrammet "System for styrka læring" i perioden 2013 - 2021. Den 3. oktober 2014 vart det signert ei partnerskapsavtale om arbeidet med psykisk helse i skular og barnehagar i Sogn. Partnerane er Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane, HEMIL-senteret ved UiB, Regionalt Kunnskapssenter Barn og Unge Vest (RKBU) og Sogn regionråd. Eit av tiltaka i partnerskapen er å utarbeide ein felles regional plan for arbeid og tiltak knytt til psykisk helse i barnehagane og skulane i Sogn. Fagnettverket i psykisk helse er ein viktig møteplass og utviklingsarena i dette arbeidet. Utarbeiding av ein regional plan må skje i samarbeid med ulike faggrupper og tilsette i kommunane i Sogn. Nettverket skal nettopp bidra til å skape, dele og bruke ny kunnskap.

Program

- 08.45 – 09.00 Oppmøte og kaffi.
- 09.00 – 09.15 Satsinga på psykisk helse i Sogn. Orientering om status og tiltak v/ programleiar Claus Røyndal, Sogn regionråd.
- 09.15 – 09.45 Psykisk helse i eit folkehelseperspektiv. Kvifor og korleis satse på skulane? v/ Emma Bjørnsen, Helse Førde.
- 09.45 - 10.15 Korleis ser kvardagen ut i skulen – med tanke på elevane si psykiske helse? v/ Bjarte Ramstad, rektor Trudvang skule i Sogndal.
- 10.15 – 10.30 Kaffi og beinstrekk.
- 10.30 – 11.00 Skulen som arena for arbeidet med psykisk helse v/ Osvald Lykkebø, Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- 11.00 – 11.30 Konkretise døme på arbeid med psykisk helse i skulen v/ Solrun Samnøy, RKBU/ Sogn regionråd.
- 11.30 – 12.30 Lunsj.
- 12.30 – 15.30 Workshop. Deltakarane arbeider gruppevis med ulike problemstillingar. Oppsummeringa av workshopen vert å finna på Sogn regionråd sine nettsider.

Påmelding til postmottak.lus@leikanger.kommune.no innan 5. mars 2015.



Referat

Møte i næringsutviklings-/RUP-gruppe

Møtenummer 1/15

Deltakarar:

Ordførarane Arild Ingar Læg Reid, Ivar Kvalen, Petter Sortland og varaordførar Olav Turvoll. Dagleg leiar: Karina Nerland. Forfall: Noralv Distad.

Møtedato: 26.1.2015

Referent: Karina Nerland

1. Tiltaksplanen

Tiltaksplan med innspela frå Høyanger vart utsendt til RUP-gruppa, jf sist regionrådsmøte om at arbeidsgruppa innarbeider innspela som kom i møtet. Det var ikkje merknader til innspela. Tiltaksplanen blir sendt til kommunane og bør leggjast fram som orienteringssak for kommunestyra/formannskapa.

2. Bustadutvikling – temadag

Rapporten er endra i samsvar med innspel som i fjor haust. Dagleg leiar har saman med tre næringssjefar og Distriktssenteret drøfta innhald til ein temadag om bustadutvikling. Forslag til program vart omdelt i møtet og drøfta. Det kom innspel til endringar som dagleg leiar tek inn i programmet.

3. Fleire lærlingeplassar i regionen

Notat om arbeidet vart omdelt i møtet. Lærlingeordninga var tema i sist møte i næringsnettverket. Sogn opplæringskontor orienterte næringssjefane om lærefag og medlemsbedrifter, lærekontraktar i 2014 og om y-vegen i fagopplæringa. I tida framover kjem næringssjefane til å invitera aktuelle bedrifter til informasjonsmøte (kommunevise) og Sogn opplæringskontor kan inviterast til desse møta. Målet er å få fleire lærebedrifter. Informasjonsmøte til foreldre og elevar er alt arrangert fleire stader i regionen. Det kan vera aktuelt å inngå ein partnerskapsavtale med aktørar for å oppnå felles mål om fleire lærlingeplassar.

4. Arbeidsgjevarkontroll

Regjeringa føreslår statleggjering og har sett høyringsfrist til 2. mars. Arbeidsgruppa ønskjer at dagleg leiar lagar forslag til fråsegn til neste regionrådsmøte.

5. Ymse

Innspel til innhald og opplegg til neste regionrådsmøte 26.2.:

- Kommunereforma blir sak, jf framdriftsplanen.
- I møtet bør rådet diskutera aktuelle tema til neste ordførarsamling.
- Det vert lagt opp til eit fellesmøte for ordførarane og næringsnettverket i samband med karrieremessa i Bergen den 26.2.



Referat

Møte i helsegruppa

Møtenummer: 1/2015
Møtedato/-stad: 26.1.2015, Sogndal
Deltakarar: Ordførarane Jan Geir Solheim, Olav Lunden og Arild Ingar Læg Reid.
Dagleg leiar Karina Nerland (referent). Margun Thue (sak 1).

1. Lokalmedisinsk senter i Lærdal - status

Prosjektleiar Margun Thue orienterte om status i arbeidet med innfasinga av interkommunal legevakt, legevaktsentral og døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp. Det vart orientert om kven som er med på kva og kostnadene.

Det vert offisiell opning av LMS den 2. mars. Det vil kome invitasjon til kommunane.

Helsegruppe foreslår informasjon om LMS i neste regionrådsmøte 26.2. med faktaark og orientering frå leiar ved LMS mellom anna om :

- Endra finansiering av døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp - medfinansieringa fell vekk
- God kapasitet i regionen for døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp
- Auka kompetansekrav til legevakt og legevaktsentral mellom anna til hjelpepersonell som arbeider saman med lege i vakt og til legevakslegar (krav om bakvakt for turnuslege).

2. Ymse

Kreftkoordinator og logoped: Dagleg leiar avklarar status i kommunane.



Referat

Møte i samferdslegruppaa

Møtenummer: 1/2015
Møtedato/-stad: 10. februar 2015, Sogndal kommunehus
Deltakarar: Ordførarane Ivar Kvalen, Harald Offerdal og Jarle Aarvoll. Dagleg leiar: Karina Nerland (referent). Forfall: Jan Geir Solheim
Sak 1: Svein Sanden, Avinor og Per-Odd Grevsnes, Sogn næring

1. Flyplass – lufthamnstruktur, flyruter og hangar

Lufthamnsjefen informerte om at Avinor lagar ein samfunnsøkonomisk analyse som blir ferdig 1.5.2015. Det er Førde og Sandane som blir vurdert i analysen. Det har vore mange kanselleringar i januar, dei fleste ville vore unngått om vi hadde hatt nattstasjonert fly. Det er framleis fullt på morgonavgangane. Auken er størst til Bergen fordi det er fulle fly til Oslo.

Næringslivet bør engasjerast i det vidare arbeidet med å styrka og utvikla Sogndal lufthamn. Samferdslegruppaa foreslår at det vert etablert eit interesseutval og at forslag til skisse med milepælar og organisering vert lagt fram i neste regionrådsmøte. Arbeidet bør forankrast i Sogn regionråd. Næringslivet sine behov må kome tydeleg fram i tillegg til at tala frå Avinor vert kvalitetssikra.

Hangar: Forslag til fordeling av kostnader for prosjektering av hangar er akseptert av kommunane og det kan sendast søknad til kommunane.

2. Aust-vestsamband

Aust-vestutgreiinga er på høyring med frist 8. mai, og er eit viktig grunnlag for prioriteringar i komande revidering av NTP. Samferdslegruppaa ønskjer å byggja alliansar i tida framover og at det blir teke initiativ til eit interessefellesskap for aust-vest Rv 52/E16 og Rv 5.

3. Sognefjellstunnelane

Det blir arbeidd med å få starta opp ein KVU. Aust-vestutgreiinga tilrådde ikkje KVU.

4. Ferjesamband Hella-Vangsnes-Dragsvik

Ferjesambandet er kunngjort på Doffin med to ferjer på vinter og tre om sommaren. Rutetabellen vil kome 27.2. Regionvegkontoret blir kontakta for å få informasjon om prosessen.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 15/720

Arkiv: 033 &85

Saksnr.: Utval
6/15 Sogn regionråd

Møtedato
26.02.2015

Sak 6/15

Val av leiar i Sogn regionråd 2015

Tilråding:

For 2015 vert

- ---- vald som leiar i rådet
- ---- vald som nestleiar i rådet.

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtektene § 3 skal det veljast leiar og nestleiar. Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Harald N. Offerdal, leiar frå 2014 med Jan Geir Solheim som nestleiar

Norald Distad, Aurland kommune var leiar i 2012 og 2013

Torodd Urnes, Luster kommune var leiar i 2010 og 2011

Jarle Aarvoll, Sogndal kommune var leiar i 2009

Marta Finden Halset, Vik kommune var leiar i 2008

Olav Lunden, Leikanger kommune var leiar i 2006 og 2007.

Knut O. Aarethun, Lærdal kommune var leiar i 2004 og 2005.

Olav Wendelbo, Lærdal kommune var leiar i 2002 og 2003.

Oddbjørn Einan, Årdal kommune var leiar i 2001.

Jarle Skartun, Sogndal kommune var leiar i 2000.

Ivar Bjarne Underdal, Aurland kommune var leiar i 1998 og 1999.